



Airlift i arbeid på Skårhaug måndag ettermiddag. (Foto: Albert Steiner)

Måndag vart helikopter nytta under eit løft midt i Uskedalen.

Airlift var engasjert av Telenor/Norkring til transport frå gardsplassen på Dønhaug av det som skal til for å byggja ein ny stasjonsbygning på Skårhaug – under masta som formidlar både TV- og telefonsignal. Oppdraget gjekk smertefritt og greitt, men så var det då heller ikkje spesielt krevjande.

Det er ein entreprenør frå Rogaland, Hans Kirkholm, som skal stå for byggjinga av den nye stasjonsbygningen. Han har mange liknande oppdrag for Telenor/Norkring rundt om på Vestlandet.
- Prosjektet i Uskedalen har rett og slett samanheng at det har vorte for liten plass til utstyret på Skårhaug, opplyser han til uskedalen.no

Av Ola Matti Mathisen



Helikopteret klart for transport frå Dønhaug til Skårhaug. (Foto: Albert Steiner)